




Årsmelding 2011

År 2011 var det sjette driftsåret til Aardalens Venner.

Medlemmar

Som figuren nedanfor viser er medlemstalet også i år på ca. 60. I tillegg kjem to firmamedlemskap, også dette er stabilt.



I ei lita bygd der det er mange gode føremål å konkurrere med, må vi vere tilfreds med den støtte og velvilje Aardalens Venner trass alt får. Om vi likevel skulle ynskje noko, er det at fleire hadde høve til å vere med på dei få dugnadane vi har i løpet av året. Dette ville ha gjort arbeidet lettare, for vi er for få aktive. Dugnadane er få, og gleda over å vere med er mykje større enn «slitet». Vi ynskjer derfor alle velkomne til dugnad i 2012.

Styret i Aardalens Venner

Styret på fem personar har vore uendra sidan 2009; av desse har fire vore i styret sidan oppstarten i 2006:

- Jan Hammersvik, leiar
- Kaare Aardal, nestleiar
- Terje Hovden, kasserar og skrivar
- Per Arne Berge, styremedlem
- Atle Nøstdal, styremedlem

Per Arne Berge representerer eigarane av Årdalen.

Styret har i 2011 hatt berre to styremøter, ein naturleg konsekvens av at aktiviteten har vore relativt liten.

Aktivitetar / tiltak

Også siste året har vore prega av at vennelaget ikkje har hatt økonomi til å setje i gong større reparasjons- eller vedlikehaldsarbeid på bygningane.

Likevel har litt skjedd i 2011. Skjøtselsavtalen som Aardalens Venner har inngått med Fylkesmannen,

sikrar oss litt «faste» inntekter som vi kan bruke på bygningane.

Avtala fastset kva areal som skal slåast og ryddast, og kva godtgjersle laget skal ha. Siste året utgjorde godtgjersla kr 12.000,-. Fylkesmannen har årleg synfaring i Årdalen for å fylgje opp og rettleie skjøtselsarbeidet.



Skjøtselsavtala har som føremål at ein skal få tilbake den vegetasjonen som var på slåtteteigane i Årdalen tidlegare. Einstapen har gjennom mange år fått altfor gode vekstvilkår, og hindrar naturleg vekst av den type gras og markblomar som var i enga tidlegare.

Slåtten blir gjort med ljå og kantklipparar. Graset blir tørka på marka slik at frø kan falle av og bli ført tilbake til enga. Einstapen vil forsvinne etter kvart. Det tørka graset blir fjerna frå slåtteareala.

Vøling av våningshuset

Med litt midlar «på bok» og lovnad frå Fylkeskommunen om meir SMIL-midlar, hadde vi ei stund håp om at vi skulle få sett inn nye vindauge og skifta bordkledning på våningshuset. Men dessverre kom vi litt seint i gang.



I september bar vi vindauga som Reidulf Ervik laga for oss i 2008 på plass. Vindauga er produserte etter originale mål med både materialer og handverk av høgste kvalitet.

I oktober leide vi Airlift til å transportere ut ny bordkledning. Dessverre vart det så seint på året at vi ikkje fekk sett i gang arbeidet. Men no ligg det i alle høve klart til vårsola kjem. Bordkledninga er alt måla og klar.



Økonomi

Som nemnt fekk Aardalens Venner kr 12.000,- i godtgjersle for skjøtsel av slåtteteigar i Årdalen. Av kommunen fekk laget kr 1.000,- i kulturmidlar, og Statens Landbruksforvaltning gav eit tilskot på kr 38.200,- til restaurering av bygningar og kr 6.090,- for skjøtsel av kulturlandskap. Etter at bordkledning, måling osv. er betalt, har vi no kr 45.556,- på konto.

Med den lovnad vi har på nye SMIL-midlar, er det realistisk å få sett våningshuset i stand utvendig i 2012.

Friluftsgudsteneste

Søndag 28. august var det for fjerde året på rad gudsteneste i Årdalen. Tidlegare år har denne helga bydd på oppholdsvær, ofte reine sommarvêret. Denne søndagen var det regn og grått - derfor vart gudstenesta i år inne stova på våningshuset.

Som vanleg var det sokneprest Kari som hadde gudstenesta, medan Line Vederhus sto for tonefylgle.

Nasjonale kulturlandskap

Det var i 2009 at området Hoddevik - Liset vart utpeika som eitt av 20 viktige kulturlandskap i Norge. Både Årdalen og Rydjajorda ligg innanfor dette området. Om dette området skriv departementa følgjande:

«Gardane Årdal, Skårbo og Liset utgjer kvar for seg heil-skaplege kulturlandskap i skiljet mellom hav og fjell. Områda er rike på tekniske strukturar, tufter og gamle bygningar. Ein finn også artsrike slåtte- og beitemarker».

Dette gjer at arbeidet med bygningar og teigar i Årdalen blir ekstra meiningsfylt.

Kontakt med etterkommarar fra Årdalen

Arvid Aardal var den siste som budde i Årdalen. I 1957 flytte han til Tjørvåg med familien.

Det siste året har Aardalens Venner fått kontakt med etterkommarar etter både Sverre Aardal og Reidar Aardal, to av brødrene til Arvid.

Sverre gifta seg med Gerda Haraldseid frå Espesvær i Bømlo kommune, der dei også busette seg. Sverre og Gerda hadde fem barn. Sverre døydde i 2001.

Reidar veit vi mindre om endå. Han vart gift med Jenny Borgund (frå Borgundvågen). Dei flytte til Austlandet. Det må vere eit mål å samle litt meir informasjon om Årdals-slekta i åra som kjem.

Orkanen i julehelga 2011

Etter at orkanbygene hadde lagt seg i romjula, fekk vi melding om at naustet på Rydjajorda hadde fått skade.

Det viste seg at storbåra hadde slege inn deler av ytste veggen, og fjerna deler av golvet. Eine naustdøra var også borte, og det var også slege ut deler av inste veggen.



Sjøen hadde løfta færingen som sto i naustet opp på ein materialstabel, der ein dregg hadde sett hol i eine båtsida. Naustet er forsikra, med det blir likevel ein kostnad med å setje det i stand att. Det er gjort mellombelse tiltak slik at reparasjon kan vente til våren.

Vegen vidare

Som nemnt skal våningshuset få ny bordkledning og nye vindauge i 2012. Elles må naustet på Rydjajorda vølast etter skaden.

Elles er det mange ting som kan gjera i Årdalen (og på Rydjajorda) utan særleg bruk av pengar. Dette krev litt organisering - og helst fleire dugnads-hender. Det er uthus som kan gjenreisast (der taket har brote saman), murar som er i ferd med å gli ut, eit elveløp som må reinskast opp osv. Det er ein viktig kulturarv som vil forfalle om vi ikkje stiller opp.

Heimesida

Til slutt minner vi om heimesida – stor takk til Inge Bakke for all hjelp med denne.

Selje, 12. februar 2012

For styret i
Aardalens Venner

Jan Hammersvik
leiar